

# **Reglement for vigslar i Ål kommune.**

Reglementet er vedteke i kommunestyret 16.11.2017

## **1. Vigselmynde i Ål kommune**

Vigslar utførast av ordførar eller varaordførar, men om naudsynt grunna fråver, kan vigslar også utførast av eit formannskapsmedlem. Vedkomande vert peika ut i starten av valperioden.

## **2. Kven kan bli vigsla i Ål kommune**

Både busette i Ål og personar utanfor Ål kommune kan bli vigsla.

## **3. Stad for vigslar**

Ål kommune tilbyr vigsel i kommunestylesalen på Tingstugu og i Ål kulturhus. Vigsel kan finne stad på ein annan plass, men dette skal på førehand vere godkjent av vigslaren.

## **4. Tidspunkt for vigslar**

Ål kommune opnar for vigsel ein dag per månad, primært på vekedagar innanfor kommunen si normalarbeidstid. I månader med stor pågang (mai – august) kan dette aukast til to dagar per veke. Ordførar fastset dagar for vigsel for eit kalenderår om gongen, men har sjølv mynde til å gjere endringar i planen.

## **5. Rammer for vigsel**

Ål kommune har berre ansvar for sjølve vigselsritualet. Pynt, dekorasjonar, musikk eller andre kunstnariske innslag, må organiserast av brureparet.

## **6. Kostnader knytt til vigsel**

Sjølve vigsela og nytting av lokale på Tingstugu eller i Ål kulturhus er gratis. Om brureparet ynskjer å nytte andre lokale, må dei sjølv bestille og dekke kostnadene. Kostnader til pynt og dekorasjonar må dekkast av brureparet. Det same gjeld musikk eller andre kunstnariske innslag. Om brureparet ynskjer å bli vigsla utanfor kommunen sine grenser, men at vigslaren skal vere frå Ål kommune, må dette organiserast av brureparet sjølv. Dei må og dekke reiseutgifter for vigslaren og andre meirutgifter dette medfører for kommunen.

## **7. Rutine for gjennomføring av vigslar**

Rådmannen har mynde til å fastsetje rutinar for administrative oppgåver knytt til vigslar.

## **8. Informasjon om reglement og rutinar**

Reglement og rutinar for vigslar skal kunngjerast på kommunen sine heimesider.